

# Valøya

## Bygging av D/S Skulda på Valøya i 1891.

I 1890 åra vart det av skipsbyggjar John Hauge i Haugesund bygd fleire dampskip i Sunnhordland.

Det vart bygd 4 på Frugårdsholmen på Stord.

D/S Hørda på Klostervågen på Halsnøy og  
D/S Skulda på Jens Undall sin eigedom på Valen.

---

Vervaplassen er etter det ein kan finna truleg på Valøya på austsida av Johannesholmen.

Her kan ein finna merkjer som kan knytast til ein mellombels vervaplass.

Utsettingstilhøva for ein så stor båt passar og godt med djupna i flomålet på denne staden.


D/S Skulda var trebåt på 1000 brt, 156 ft lang, 24,8 ft brei og 14,8 ft djup.

Trevyrkjet vart henta på Valen og ført til Stord for saging og ført tilbake til Valen

då kapasiteten på Valesaga ikkje var god nok ved dette høvet.

Etter sjøsetting på Valøya vart båten slept til Haugesund for utrustning. Ho vart her utstyrt med ein Triple ekspansjon 52 nhk dampmaskin laga i Trondheim.

D/S Skulda vart levert til reiar F. Gundersen i Bergen. I 1894 vart skipet selt til reiar Joh E. von der Ohe i Bergen. Etter at det i 1896 braut ut brann då båten var i Sheerness i England vart ho slept til Bergen og selt til reiar P. Hamre for kr 25000. Båten skifta etter dette navn til "Messina". Den 2. oktober 1899 forliste skipet.



D/S Hørda  
vart bygd på  
Klostervågen på  
Halsnøy i 1892,  
ho var søsterskipet  
til Skulda som vart  
bygd på Valøya i  
1891.